



Arkivsaknr: 2024/750-183
Sakshandsamar: Ola Viken Stalund
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Miljøløftet - handlingsprogram 2026-2029 - lokalpolitisk behandling

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	
	Formannskapet	

Vedlegg

1 Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Miljøløftet sitt framlegg til handlingsprogram omhandlar prioritering av prosjekt og prosessar som grunnlag for statleg og fylkeskommunal investering i den aktuelle tidsperioden. Prioriteringane har grunnlag i samla prosjektportefølje.

Det er naudsynt med lokalpolitiske vedtak som grunnlag for innsending og handsaming av det samla handlingsprogrammet for Bergensområdet i Statsbudsjettet for 2026.

Bakgrunn

Dei økonomiske rammene i handlingsprogrammet baserer seg på byvekstavtalen for Bergensområdet 2019- 2029. Handlingsprogrammet vil gjelde for heile avtaleområdet, som omfattar kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Byvekstavtalen for 2019-2029 inneber ei samla finansiering på om lag 6 mrd. kr. for perioden 2026-2029, for alle kommunane i avtaleområdet. Handlingsprogrammet viser mellom anna kva for investeringar som er forventa i dei kommande fire åra. Rullering av handlingsprogrammet vil skje årleg, og blir fremma til politisk handsaming i kommunestyra.

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune har lagt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, no for perioden 2026 –2029.

Alver kommunestyre handsama innspela i sak 137/24: *Miljøløftet - prosjekt til handlingsprogrammet 2026 – 2029* (vedlagt).

Kommunestyret sitt vedtak her er i hovudsak innbakt i vedlagte samla framlegg til Handlingsprogram 2026 – 2029, med unntak av prosjekta:

- Fv 565 Alverstraumen, vendeplass for buss og plass for innfartsparkering
- Fv 565 Hillandskrysset, oppgradering.

Desse prosjekta vart ikkje rekna som modne for denne rulleringa av handlingsprogram, etter fylkeskommunens vurdering.

Kommunestyret sitt vedtak inneheld også følgande punkt:

1. *Utrede mulighetene for å finansiere tiltak knyttet til båtruten i Osterfjorden gjennom Miljøløftet. Dette inkluderer å undersøke hvilke konkrete tiltak som kan være aktuelle for finansiering, og hvordan disse tiltakene kan bidra til å oppfylle målene i Byvekstavtalen og Miljøløftet.*
2. *Ta kontakt med Skyss og de andre berørte kommunene (Vaksdal og Osterøy) for å diskutere et felles initiativ for å sikre fremtiden til båtruten.*
3. *Vurdere muligheten for å utvide ruten til å dekke flere områder og dermed øke tilgjengeligheten og bruken av kollektivtilbudet.*

Ang. punkt 1 Administrasjonen har i dette spørsmålet vore i dialog med Miljøløftet som har konkludert med at tiltaket ikkje fell inn handlingsområdet til Miljøløftet, mellom anna fordi ruta delvis ligg utanfor området for byvekstavtalen.

Ang. punkt 2 og 3 har saka vore til diskusjon i Regionrådet. Skyss har lyst ut ei sak på doffin.no der ein ber om innspel frå markedet om det er mogleg å vidareføre båtruta på eit anna nivå enn i dag, med følgande omtale:

Grunna krevjande økonomi i både kommunane og fylkeskommunen, er det vedteke å ikkje vidareføre båtruta som i dag. Fylkeskommunen og kommunane er likevel i dialog og ønskjer med dette å kome i dialog med marknaden om det er mogleg å vidareføre båtruta på eit anna nivå, til dømes om båtruta ved hjelp av driftstilskot kan driftast vidare for å ivareta beredskap og eit minstetilbod til dei fastbuande.

Styringsgruppa i Miljøløftet har handsama framlegget til Handlingsprogram 2026-2029 og oversendte det den 30.4.2025 til partane/kommunane for lokalpolitisk handsaming.

Etter politisk handsaming i Alver og hjå dei andre partane, vil handlingsprogrammet bli oversendt for handsaming i Statsbudsjettet for 2026.

Alver kommune sine innspel

I Handlingsprogram 2026 -2029(ref. vedlegg) finn ein opplista dei innspelte tiltaka i Alver, med framlegg til løyving på reviderte summar og årstal:

Fv5308 Sagstadvegen. Statlege post 30-midlar: 5,7 mill. kr. i 2026.

Fv5474 Seim. Statlege post 30-midlar: 4,8 mill. kr. i 2028 og 25,9 mill. kr. i 2029. 6,1 mill. kr. restbehov etter 2029. Fylkeskommunalt bidrag: 4,1 mill. kr. i 2027, 5,2 mill. kr. i 2028 og 5,5 mill. kr. i 2029. 1,2 mill. kr. restbehov etter 2029.

Fv5452 Hillesvåg – Apalen. Statlege post 30-midlar: 5,2 mill. kr. i 2028. 14,7 mill. kr. i restbehov etter 2029. Fylkeskommunalt bidrag: 1,0 mill. kr. i 2028 og 5,2 mill. kr. i 2029. 2,9 mill. kr. i restbehov etter 2029.

Fv5456 Ostereidet, Lindsdalen. Statelege post 30-midlar: 6,0 mill. kr. i 2026, 20,1 mill. kr. i 2027 og 2,6 mill. kr. i 2028. Fylkeskommunalt bidrag: 1,2 mill. kr. i 2026, 4,1 mill. kr. i 2027 og 0,5 mill. kr. i 2028.

Kv1023, Kv 1056, Knarvikplanen. Statlege post 30-midlar: 9,7 mill. kr. i 2026.

Fv5452 Leknesvegen. Statlege post 30-midlar: 9,4 mill. kr. i 2026 og 2,1 mill. kr. i 2027. Fylkeskommunale bidrag: 2,0 mill. kr. i 2026, og 0,5 mill. kr. i 2027.

Fv565 Manger kyrkje – Hesthaugen. Fylkeskommunale bidrag: 0,5 mill. kr. i 2026.

VURDERING OG TILRÅDING

Handlingsprogram 2026-2029 er handsama og tilrådd frå styringsgruppa for Miljøløftet og vert her lagt fram for lokalpolitisk handsaming i Alver kommune.

Alver kommune har handsama sine innspel til handlingsprogrammet 2026 – 2029 gjennom sak KO 137/24.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret sluttar seg til heile handlingsprogrammet til Miljøløftet 2026 – 2029.

Vedlegg i saka (linkar for innliming) :

<https://miljoloftet.no/>

[Handlingsprogram 2026–2029](#)

Sak KO 137/24: *Miljøløftet - prosjekt til handlingsprogrammet 2026 – 2029*